

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 07.06.05 **Tid:** 15.00-18.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Hjørdis Tysse

I staden møtte:

Vidar Rolland

Andre som var tilstade på møtet: Ordførar Aase og Ass.adm.sjef Våge.

Pedagogisk konsulent Steinsland under sak 05/05

Merknader:

Magda Haugen var ugild under handsaminga av sak 07/05

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 9. juni 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen stilte spørsmål om omorganiseringsprosessen i pleie og omsorgstenesta. Haugen har fått signal om at eldre reagerar ulikt på div. endringar som er gjennomført. Administrasjonen sender ut orientering om dette til utvalet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ass.adm.sjef orienterte om følgjande:

1. Bassenget er lyst ut på anbod. Pr. i dag held kommunen framdriftsplanen med opning i januar 2006.
2. Arkitekt Sørhus er i gang med skisseprosjektet for ny barnehage på Gjerde. Etter ferien vil det verte sak til kommunestyret om val av alternativ og oppretting av byggenemnd.
3. UDI har oppmoda ei rekkje kommunar om å ta imot nye flyktingar i 2006. Samnanger kommune er ikkje blant dei kommunane som vert oppmoda i denne omgang. Utvalet hadde ikkje merknader til dette.
4. Rådmennene i Fusa, Os og Samnanger har i møte vurdert ulike samarbeidsprosjekt i framtida. PPT-tenesta er eit av samarbeidsområda som Samnanger ønskjer sjå nærare på. Det er gjeve signal til Vaksdal kommune om at Samnanger avventar å reforhandle noverande avtale kommunen har med Vaksdal og Modalen. Utvalet slutta seg til dette.
5. Audhild orienterte om status for flytting av Stolpane skulehus. Huset vil verte flytta i løpet av sommaren og plassert mellom Nordbygda skule og barnehagen ved dei store eikene. Ein tek sikte på ei markering i løpet av hausten 2005.
6. Knut H.Frøland og Lena Tveit frå styret i idrettslaget var invitert til møtet, for å orienterte utvalet om idrettslaget sin prosjektplan om å byggje idrettshall i Samnanger. Idrettslaget meinte det var viktig å starte prosessen no og få avklara snarast råd alternativ tomteplassing med kommunen. Dette spørsmålet måtte vere avklart før idrettslaget kan gå vidare med prosjektet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0005/05	04/00324 FREDSKORPSSAMARBEIDET 2004/05 PROSJEKTVURDERING
0006/05	04/00144 SØKNAD OM LØYVE TIL SAL AV ØL
0007/05	05/00111 TRIVSELS- OG HELSEREISER
0008/05	05/00201 BOKBÅT- FORTSETJE AVTALE ELLER ANNA TILBOD

0005/05

**FREDSKORPSSAMARBEIDET 2004/05
PROSJEKTURDERING**

Framlegg til vedtak::

Vert lagt fram utan tilråding

Handsaming i møte:

Liv Berit Khador sett fram framlegg til vedtak

Det vart røysta over framlegget som vert vedteke med 5 mot 2 røyster.

Nils Gåsdaal sette fram framlegg om å leggje saka fram for kommunestyret. Framlegget fekk 1 røyst og vart ikkje vedteke.

Vedtak:

Fredskorpssamarbeid 2006.

Samnanger kommune held fram ved utviklingsprosjektet med Sigowet Divising i Kenya og søker Fredskorpset om nye midlar for 2006.

Eksisterande prosjektgruppe får fullmakt å definera omfang og innhald i den vidare avtalen i samråd med Sør-partnar.

Styringsgruppe for internasjonalt engasjement.

Når evalueringsrapporten for utviklingsprosjektet 2004-05 føreligg, vert det oppnemnd ei politisk leia styringsgruppe på fem medl. for vidare internasjonalt engasjement. Tre medl. er politisk valde og to administrative valde. Leiar skal vera politisk vald.

Mandatet til styringsgruppa:

- Definera omfang og innhald i vidare engasjement og framtidige avtalar.
- Setja ned arbeids- og ansvarsgruppe med leiar i konkrete tidsavgrensa prosjekt.
- Utarbeida mandat for prosjektgruppene.
- Vurdera ressurstilgang, -bruk, -behov (med tanke på tidsbruk og økonomi)
- Ha ansvar for å fortløpande evaluera kommunen sitt internasjonale engasjement med bakgrunn i rapportar med meir.
- Rapportera til OO kvartalsvis og til kommunestyret årleg.

0006/05

SØKNAD OM LØYVE TIL SAL AV ØL

Framlegg til vedtak::

NG Kiwi Vest AS avd. Kiwi 876 Bjørkheim, 5652 ÅRLAND, får salsløyve for alkoholhaldige drikkar med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

Salstida er frå kl. 08.00 – 20.00, måndag til fredag, og kl. 08.00 – 18.00 på laurdag. Løyve vert gjeve under føresetnad av at alle vilkår for løyve vert stetta.

Handsaming i møte:

Vedteke med 6 mot 1 røyst.

Vedtak:

NG Kiwi Vest AS avd. Kiwi 876 Bjørkheim, 5652 ÅRLAND, får salsløyve for alkoholholdige drikkar med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

Salstida er frå kl. 08.00 – 20.00, måndag til fredag, og kl. 08.00 – 18.00 på laurdag. Løyve vert gjeve under føresetnad av at alle vilkår for løyve vert stetta.

0007/05

TRIVSELS- OG HELSEREISER**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune held fram samarbeidet med Vital Tour AS om trivsels- og helsereiser ved at ein sluttar seg til den avtalen som er gjort mellom Vital Tour AS og Os kommune. Avtaleperioden er 3 år med opsjon på 1+1 år. Samnanger kommune yter ikkje økonomisk støtte til prosjektet, men tek del i marknadsføringa av reisene.

Handsaming i møte:

Magda Haugen bad om å verte vurdert som ugild sidan ho er sakshandsamar i saka. Ho vart samrøystes funnen ugild.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune held fram samarbeidet med Vital Tour AS om trivsels- og helsereiser ved at ein sluttar seg til den avtalen som er gjort mellom Vital Tour AS og Os kommune. Avtaleperioden er 3 år med opsjon på 1+1 år. Samnanger kommune yter ikkje økonomisk støtte til prosjektet, men tek del i marknadsføringa av reisene.

0008/05

BOKBÅT- FORTSETJE AVTALE ELLER ANNA TILBOD**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune seier opp avtalen med bokbåten og kontaktpersonane for denne på Utskot og i Rolvsvåg. Bibliotekenesta opprettar i staden tilbodet "Boka heim til deg", innanfor same kostnadsramme, frå 2006.

Handsaming i møte:

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg; "Samnanger kommune held fram med avtalen med bokbåten og kontaktpersonane for denne på Utskot og Rolvsvåg."

Det vart røysta alternativt over framlegg til vedtak og framlegget frå Nils Gåsdal. Gåsdal sitt framlegg fekk 1 røyst og framlegg til vedtake vart vedteke med 6 røyster.

Vedtak:

Samnanger kommune seier opp avtalen med bokbåten og kontaktpersonane for denne på Utskot og i Rolvsvåg. Bibliotekenesta opprettar i staden tilbodet "Boka heim til deg", innanfor same kostnadsramme, frå 2006.